Det helsevitenskapelige fakultet
Arkivref: 2019/1958/ASS032
Dato: 09.04.2019

SAKSFRAMLEGG

Til:	Møtedato:	Sak:
Fakultetsstyret for Det helsevitenskapelige fakultet	18.06.2019	

Gjennomgang av instituttstrukturen på Helsefak 2019

Innstilling til vedtak:

1. Fakultetsstyret takkar for arbeid som er gjort med gjennomgang av instituttstrukturen ved Helsefak.
2. Fakultetsstyret bed om at notatet vert sendt til behandling ved institutta ved fakultetet, før fakultetsstyremøtet 18.juni 2019 vedtek fakultetets svar til Universitetsdirektøren.

Grunngjeving:

Helsefak er i brev frå Universitetsdirektøren (11.9.18, arkivref. 2018/4228) bede om å vurdere instituttstrukturen ved fakultetet. Dette er å rekne som ei oppfølging av fakultetsgjennomgangen, der det vart annonsert at ein òg skulle vurdere instituttstrukturen. Jamfør brevet er det opp til fakultetet sjølv å avgjere metodikken for arbeidet – arbeidsgrupper, saksutgreiing el. Frist for fakultetet å koma med sine tilrådingar til universitetsdirektøren er 1.7.2019.

Saka er innledningsvis diskutert på to leiarmøte hausten 2018, og det var semje om å nytte saksutgreiing som metode. Det tyder at fakultetsleiinga lagar eit notat som både dekanatmøtet og leiarmøtet drøftar, omarbeider og sender på behandling ved institutta. Fakultetsleiinga har drøfta notatet på leiarsamling i Harstad 1. april 2019. Dei innspela som kom frå instituttleiarane er innarbeidd i notatet. Notatet vert drøfta i møte med dei tillitsvalde 23. april 2019.

Universitetsdirektøren har særskild bede fakultetet om å vurdere følgande tre moment i saka:

Faglig sammensetning og faglig samarbeid

- Det er ulike faglige prinsipper som ligger til grunn for dagens institutter på Helsefak. Enkelte er organisert ut fra disiplinfag, andre er basert på profesjonsfaglige utdanninger, eller særskilte oppdrag gitt av overordnede myndigheter. Hvor godt tilrettelegger dette for faglig samarbeid knyttet til utdanning, forskning og innovasjon? Vil sammenslåinger av noen av dagens enheter legge bedre til rette for fremtidig faglig utvikling, for eksempel i møtet mellom disiplin og profesjonsfag?

Størrelse

- Instituttene på Helsefak er av ulik størrelse, og enkelte av enhetene er relativt små. Mener fakultetet at dagens institutter har en hensiktsmessig størrelse, eller vil det være administrative/ledelsesmessige gevinster å hente på å etablere noen flere større enheter internt på Helsefak?

Parallelle fagmiljø

- UiT har flere nært beslektede eller parallelle fagmiljø som finnes på to eller flere fakulteter. Er det enheter/fagmiljø på andre fakulteter som, etter Det helsevitenskapelige fakultets vurdering, bør vurderes sammenslått med enheter på dagens Helsefak?

Desse punkta er gjennomgått og drøfta med instituttleiarane og me syner til vedlagt notat over ståa på dei ulike institutta.

Thrina Loennechen
Dekan

Trond Nylund
Konstituert fakultetsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og krever ikke signatur

Saksbehandler: Åsne Høgetveit

Vedlegg
1 Gjennomgang av instituttstrukturen på Helsefak 2019